

Månad: juli 2022

AKTIVITET

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 324	1 500	-176	1 403	-79	10 356	11 152	-796	10 264	92
Tal utskrivne pasientar	63	78	-15	72	-9	561	604	-43	538	23
Polikliniske kons. m/refusjon	1 180	1 203	-23	1 101	79	13 807	16 074	-2 267	12 950	857
Rus										
Tal heildøgnsopphald	491	587	-96	435	56	3 574	4 238	-664	3 602	-28
Tal utskrivne pasientar	39	17	22	10	29	131	140	-9	106	25
Polikliniske kons. m/refusjon	109	120	-11	136	-27	1 445	1 816	-371	1 518	-73
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	99	27	72	104	-5	829	739	90	662	167
Tal utskrivne pasientar UPH	5	3	2	5	0	67	49	18	48	19
Polikliniske kons. m/refusjon	442	482	-40	579	-137	10 392	10 878	-486	10 476	-84

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore god i perioden med aktivitet på plan innan poliklinikk, men litt lågare enn venta for døgnopphald.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) ser vi same biletet, der døgnopphald er lågare enn venta.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har totalt sett vore god både for poliklinikkar og ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH), men vi har vanskar med å oppnå planlagt aktivitet ved ein av poliklinikkane. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge. Dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar.

Beleggsprosent døgnseksjonar
Beleggsprosent inklusiv perm og anna fråvær, juli 2022, klokka 7

Institusjon	Klinikk	Post	Siste 12 mnd	I vald periode	Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd	Pasient på korridor
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Akutt Døgn, Psyk.Førde	72 %	75 %	3 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	DPS Allmenn Førde	75 %	63 %	-12 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	DPS psykose Førde	92 %	91 %	-2 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	ISP Døgn	66 %	58 %	-8 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Lokal tryggleikspost Førde	100 %	100 %	0 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	NPS Døgn	77 %	58 %	-19 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	NPS Rus	54 %	45 %	-9 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Ruspost Tronvik	76 %	61 %	-15 %	0
HELSE FØRDE HF	Psykisk helsevern	Ungdomspost for psyk.helsevern	72 %	109 %	37 %	0
Totalt			74 %	66 %	-7 %	0

ØKONOMI

Artskonto		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
☐ ISF inntekter	HV031.1.01	1 179	1 159	20	18 927	20 882	-1 954
☐ Gjestepasient inntekter	HV031.1.02	434	554	-120	4 870	3 875	995
☐ Poliklinikk og andre pasientinntekter	HV031.1.03	500	646	-146	5 372	5 530	-158
☐ Pasientrelatert inntekt	HV031.1	2 113	2 359	-246	29 170	30 286	-1 117
☐ Basistilskudd	HV031.2	45 949	45 419	530	246 458	243 763	2 695
☐ Andre inntekter	HV031.3	298	321	-23	2 770	2 430	340
☐ Sum Driftsinntekter	HV031	48 360	48 099	261	278 398	276 480	1 918
☐ Varekostnader og Helsetjenester	HV032.1	-1 705	-1 063	-642	-10 467	-8 331	-2 135
☐ Lønn- og personalkostnader	HV032.2	-46 184	-43 144	-3 040	-250 041	-240 923	-9 117
☐ Øvrige kostnader	HV032.3	-3 972	-3 892	-80	-28 593	-27 225	-1 368
☐ Sum Driftskostnad	HV032	-51 862	-48 099	-3 763	-289 100	-276 480	-12 621
☐ Driftsresultat	HV033	-3 502	0	-3 502	-10 703	0	-10 703

Denne perioden:

Totale inntekter i perioden er 0,3 mill. høgare enn budsjett. Meirinntekt knytt til basistilskot skuldast at vi har fått ekstra midlar til å styrke tilbodet i 2022. Dette er med å forklare delar av meirkostnaden knytt til løn. Aktiviteten er høg i perioden, og dette reduserer verknaden av redusert betaling for ISF i høve tidlegare år. Vi har likevel risiko for opp mot 4 mill. lågare ISF-inntekter i 2022 som følgje av at omlegging av refusjonssystemet gir oss mindre betalt for aktiviteten til PBU enn tidlegare år.

Personalkostnadene er 3,1 mill. høgare enn budsjett i perioden og reisekostnader er 0,05 mill. lågare enn budsjett. Vi har utfordring med sjukefråvær og vakante stillingar som bidreg til mykje overtid. I tillegg manglar vi fleire overlegar, og har brukt 2,5 mill. meir enn plan på innleige frå vikarbyrå. Årsaka til den ekstra store kostnaden med innleige i juli er at ferieavvikling kjem på toppen av at vi har få overlegar. Kostnader til kjøp av behandlingsslassar har vore høg i perioden med 0,6 mill. meir enn budsjett.

Sum driftskostnader i perioden er 3,8 mill. høgare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 3,5 mill. dårlegare enn budsjett.

Til no i år:


Bokførte inntekter er 1,9 mill. høgare enn budsjett.

Totale driftskostnader er 12,6 mill. over budsjett til no i år. Kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre føretak har samla sett vore 1,8 mill. høgare enn budsjett. Personalkostnadene er 9,3 mill. høgare enn budsjettet, og reisekostnader er 0,15 mill. under budsjett.

Resultatet hittil i år er 10,7 mill. svakare enn budsjett.


MEDARBEIDARAR

Månadsverk:



Gjennomsnittlig tal brutto månadsverk siste 12 måneder er 472. For eitt år sidan var talet 458. Auken skuldast hovudsakleg etablering av tryggingsspost i Førde. Vi har færre brutto månadsverk enn same periode i fjor.

Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 6,5 prosent i juni mot 5,3 prosent same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråvær siste tolv månader var 7,7 prosent. For eitt år sidan var talet 7,9 prosent.


KVALITET

Epikrise



I juli var 92 prosent av epikrisane innan PHV sende innan sju dagar, og 52 prosent var sende innan ein dag.

HELSE FØRDE HF - Psykisk helsevern




I juli var 94 prosent av epikrisane innan TSB sende innan sju dagar, og 47 prosent var sende innan ein dag.

Korridorpatientar

Det er ikkje registrert korridorpatientar i juli 2021.


Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 205 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 39 dagar.

I same periode i 2021 var det 211 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 33 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Dei 91 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 30 dagar før behandlinga tok til.

I same periode i 2021 var det 986 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 29 dagar før dei fekk starta behandling.

Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved periodeslutt
	Pasientar
Psykisk Helsevern Barn og Unge	5
Indre Sogn Psykiatrisenter	1
Nordfjord Psykiatrisenter	0
Psykiatrisk klinikk	0

Det har vore eitt fristbrot ved Indre Sogn psykiatrisenter og fem fristbrot innan psykisk helsevern for born og unge. Vi har store utfordringar med kapasitet.